

**Firmanavn: Blåklokka barnehage AS**  
**Melandsvegen 38, 5919 Frekhaug**

**Kommune: Alver**

**Forretningskontoret er i: Alver kommune, 5631**

## **VEDTEKTER FOR BLÅKLOKKA BARNEHAGE AS**

### **Kapittel 1 Generelt**

#### **§1 Eigar og verksemd**

Blåklokka barnehage AS eig og driv verksemda som barnehage for barn i alderen 0-6 år.

#### **§2 Føremål**

Barnehagen skal i nær forståing og samarbeid med heimen hjelpe til med å gje barna ei kristen og moralsk oppseding, og stimulera barna til å bruka og utvikla evner og anlegg. Gjennom si pedagogiske verksemd skal barnehagen gje barna eit grunnlag til å bli sjølvstendige, tolerante og skapande menneske med føresetnad for å ta ansvar og omsorg for seg sjølv og andre. Vi legg særskild vekt på aktivitetar rundt natur og estetiske opplevingar. Vi arbeider etter utvida kristen føremålsparagraf.

#### **§3 Forvaltning**

Blåklokka barnehage vert driven i samsvar med den Norske kyrkja si vedkjenning, Lov om barnehagar og fastsette føreskrifter frå departementet og kommunen. Avdeling for kultur og oppvekst har ansvaret for godkjenning og tilsyn. Blåklokka barnehage AS har ansvar for forvaltning.

#### **§4 Styring og leiing**

Barnehagen er administrativt underlagt Blåklokka barnehage AS. Blåklokka barnehage AS har generalforsamling ein gong per år, generalforsamlinga skal behandla:

1. Fastsettelse av resultatrekneskap og balanse.
2. Anvendelse av overskot eller dekning av underskot i.h.t. den fastsette balanse. Dei 20 fyrste åra skal eventuelt utbytte utover aksjeeigarane sine investeringar gå til utvikling av drifta.
3. Val av styre, styret er sett saman av 3 personar inkludert leiar, med 3 varamenn.
4. Avgjerdsler vert gjort ved fleirtalsvedtak.
5. Andre saker som etter loven eller vedtektene høyrer under generalforsamlinga.

6. Styrar/dagleg leiar har det overordna administrative, økonomiske og pedagogiske ansvaret. Leiar i styret og styrar for barnehagen har blitt gitt signeringsfullmakt.

## **S5 Aksjekapital**

## **S6 Samarbeidsutval**

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval (SAU) som består av 4 representantar frå foreldra, 2 representantar frå styret, 3 representantar frå dei tilsette. Representantane vert valde for 1 år av gangen. SAU konstituerer seg sjølv. Styrar har møte-, tale- og forslagsrett.

SAU har rett til å uttale seg i saker som er viktig for barnehagens innhald. Dette kan mellom anna vera budsjettsaker, endring av drifta, utnytting av inne og uteareal, m.m.

SAU skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Dei kan og melde frå til styrar og/eller kommunen dersom dei meiner barnehagen ikkje blir driven innanfor gjeldande lover, forskrifter, kommunale vedtak og/eller barnehagens budsjett og vedtekter.

## **S7 Foreldrerådet**

Foreldrerådet skal fremje fellesinteressa til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldra er med på å skape eit godt barnehagemiljø. Det skal veljast ein representant frå foreldra på kvar base. Foreldra vert valde for eit år av gongen.

Foreldrerådet har rett til å uttale seg i saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.

## **S8 Areal**

Departementet har sett ei vegleiande norm for innearealet på 4 m<sup>2</sup> for barn over tre år, og 5,5 m<sup>2</sup> for barn under tre år. Blåklokka disponerer 676 m<sup>2</sup> leikeareal inne, og ca. 6500 m<sup>2</sup> uteareal. Blåklokka barnehage har godkjenning for 160 barn over 3 år, eller ein kombinasjon av små og store som tilsvarar dette.

## Kapittel 2 Barnehagens verksemd

### §9 Foreldremedverknad

- a) Det skal haldast foreldremøte seinast innan utgangen av september kvart år.
- b) Pedagogisk leiar i barnehagen skal minst ein gang kvart år gje tilbod om foreldresamtale til dei enkelte foreldra. Ved behov skal det vera mogeleg med fleire samtalar.
- c) Styrar er ansvarleg for å legge til rette for foreldremedverknad angående barnehagens verksemd.

### §10 Opningstider

- a) Barnehagen er open måndag til fredag frå klokka 06.45 til 17.00.
- b) Barnehagen held stengt julafta og nyttårsafta, samt 2 veker i juli. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen klokka 12.00.

### §11 Ferie

Barna må ta ut fire veker ferie i løpet av barnehageåret. Tre av desse vekene skal vere samanhengande. Barnehagen er stengt i 2 veker i juli for felles ferie. For at den 4. veka skal reknast som ferie, må barnehagen få beskjed to veker på førehand. Dei borna som sluttar innanfor barnehageåret, må avvikla dei 4. ferieveka før 31.07. Avvikling av sommarferie må varslast seinast 1. mai. Barnehagen vil tildele ferieveker om ikkje varsel er komen innan fristen.

## Kapittel 3: Personalet

### §12 Personalet og bemanning

- a) Dei tilsette i barnehagen må forplikta seg til å jobbe i samsvar med barnehagen si kristne målsetjing.
- b) Styraren må vera bekjennande kristen.
- c) Barnehagens styrar har ansvaret for den daglege drifta av verksemda.
- d) Frå 01.08.2018 skal det vera ein pedagogisk leiar pr. 14 barn over 3 år og ein pr. 7 barn under 3 år når barnas opphaldstid er 6 timar eller meir.
- e) Dei pedagogiske leiarane må vere utdanna barnehagelærarar.
- f) Frå 01.08.2019 gjeld ny norm; 3 småbarn per 100% tilsett, 6 store barn per 100% tilsett.
- g) Alle tilsette i Blåklokka barnehage må legge fram tilfredsstillande politiattest.

### **§13 Internkontroll**

Blåklokka barnehage sitt internkontrollsystem er i samsvar med gjeldane lover og forskrifter for internkontroll.

## **Kapittel 4: Opptak og oppseiing**

### **§14 Opptak**

Barnehagen er med i felles kommunalt opptak for godkjende private barnehagar og kommunale barnehagar. Styret i barnehagen innstiller til opptak, og denne innstillinga med grunngjeving, tar styrar med seg til felles kommunalt opptaksmøte der opptaket vert gjort endeleg.

Opptak skjer til vanleg ein gang i året, men kan og gå føre seg elles i året når det er ledig plass. Dette opptaket vert gjort på grunnlag av dei søknader som kjem inn. Alle barna som har fått plass i Blåklokka barnehage har rett på fast plass inntil skulestart eller til den blir sagt opp. Barn som søker utvida plass eller ønskjer overføring til ny barnehage, beheld den plassen dei disponerer om dei får avslag på utviding/ending.

### **§15 Opptakskriterier**

- a) Lov om barnehagar gjev fortrinn til barn med funksjonshemmingar
- b) Barn til dei tilsette har fortrinnsrett, om det er avgjerande for at den tilsette skal kunna utføra jobben sin.
- c) Balansen i barnegruppa på stor og liten avdeling må prioriterast, i høve til barn og pedagogtetthet. Då ser vi på ledige plassar før alder.
- d) Vi prioriterer søsken av barn som allereie går i barnehagen.
- e) Minoritets-språklige barn prioriterast.
- f) Barnehagen prioriterer barn frå Vestbygd krins.

### **§16 Klage på opptak**

Det er 3 veker klagefrist ved avslag om plass, jf. Forvaltningslova § 29. Klage på opptak skal sendast til kommunen ved rådgjevar for barnehage.

### **§17 Oppseiing**

Oppseiingsfrist er 2 månader, rekna frå oppseiingsdato. Plassen kan ikkje seiast opp før den er tatt i bruk. Ved reduksjon av plassen i løpet av året, gjeld oppseiingsfristen på 2 månader. Dei som seier opp plassen etter 1. april må betale for resten av barnehageåret.

## **Kapittel 5: Økonomi**

### **§18 Betaling for opphald**

- a) Eigar bestemmer foreldrebetalinga og søskenmoderasjonen i samsvar med kunnskapsdepartementet sine Forskrifter om foreldrebetaling i barnehagar.
- b) Det vert krevd betaling for 11 månader der juli er betalingsfri måned.
- c) Foreldrebetalinga skjer ved forfall den tjuande i kvar måned.
- d) For sein betaling av opphald vert sett på som brot på avtale, og plassen kan bli sagt opp om betalingsutsetjing ikkje er innvilga.

### **§19 Budsjett og rekneskap**

Styrar har ansvar for barnehagens budsjett ut i frå rammer gjeve frå eigar. Samarbeidsutvalet har rett til å få innsyn i barnehagen sitt rekneskap.

### **§20 Endring av vedtekter**

Endring av vedtekter kan berre skje ved generalforsamling, ved fleirtalsstemme.

### **§21** For øvrig henvisast det til den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgjevning.

Vedtektene er godkjent i Blåklokka barnehage AS sitt styre 201206.

Vedtektene er sist revidert i ekstraordinær generalforsamling 05.12.2019.

For styret, leiar;

Rigmor N. Sletten